

# Endret Opplæringslov på plass før skolestart

🕒 26. JUNI 2012

De vedtatte endringene i Opplæringsloven og Privatskoleloven som omhandler ASK trer i kraft 1. august 2012. Vi gratulerer elever, foreldre/pårørende og betalte hjelpere som selv bruker eller støtter bruken av ASK.

I starten av juni [behandlet Stortinget lovforslaget](#) som presiserer retten til opplæring for elever som har behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK). Lovforslaget ble vedtatt og endringene i Opplæringsloven trer i kraft 1. august 2012. Dette betyr at elever med behov for ASK starter skoleåret 2012/2013 med styrkede rammer som presiserer retten til opplæring *i og med* ASK.

## Opplæringsloven

Presiseringene av rettighetene til elever med behov for ASK er nedfelt i tre nye paragrafer i Opplæringsloven:

### **§ 2-16 Opplæring av elevar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon.

### **§ 3-13 Opplæring av elevar, lærlingar og lære kandidat ar med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Elevar, lærlingar og lære kandidat ar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Når ein elev eller lære kandidat ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven eller lære kandidat en rett til spesialundervisning etter reglane i kapittel 5. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.

### **§ 4A-13 Opplæring av vaksne med behov for alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)**

Vaksne som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa.

Vaksne som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning etter reglane i § 4a-2. Dette inkluderer nødvendig opplæring i å bruke alternativ og supplerande kommunikasjon.

## Privatskoleloven

Presiseringen av rettighetene til elever med behov for ASK er også nedfelt i en ny paragrafer i Privatskoleloven:

### **§ 3-14 Opplæring av elever med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon (ASK)**

Elevar som heilt eller delvis manglar funksjonell tale og som har behov for alternativ og supplerande kommunikasjon, skal få nytte eigna kommunikasjonsformer og nødvendige kommunikasjonsmiddel i opplæringa. Når ein elev ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har eleven rett til spesialundervisning etter reglane i § 3-6. Dette inkluderer nødvendig opplæring i bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon.

Kilde:

stortinget.no (<http://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Saker/Sak/?p=53458>)  
<http://www.ask-loftet.no/>